



## GUTEN PÅ TREHJULSSYKKELN

**E**in dag var både trehjulssykkelen og Oddemann borte. Korkje mamma eller gomme og goffa uroa seg dei fyrste timane, for småguten drog

ferder åleine. Det før han dukka denne gongen Oddemann attende til den i Mogrenda vara og det gjekk mot måtte ut på

På Haga-kilometer i dalen, var som hadde sett trehjulssykkelen som over brua i retning at goffa kom til å tenkje som for stutt tid sidan hadde Sausgardhaugen i lag med foreldra sine. Ho og Oddemann hadde leika så fint saman. Det skulle ikkje forundre ...

No måtte drosje rekvirerast, og som vanleg var det med Olav Tufto bak rattet når han Olav frå nedre Haugen, ”ni Haugji” som



ofte på oppdagingskunne gå lang tid opp att. Men kom ingen trillande vesle stugu i Hol. Det rakk, og det kveld. Goffa leiting. foss, ein lenger oppe det nokon ein smågut på trødde energisk Kvisla, og då var det på veslejenta frå Geilo

vore innom campingplassen i



dei sa, skulle ut på tur. Men dette var ein annleis tur, han hadde ingen ting med handel å gjera. – Ha gutekvelpen rømt? Ja, du Olaf, du Olaf. Tufsto flirde nok litt då han gav gass opp Kvisla-stigningane.

Jau då, på Årsetsletta sju kilometer nærare Geilo vart den unge beilar innhenta. Han sveitta og tråkka så støvet stod kring han, det var jo grusveg den gongen. Guten på trehjulsykkelen heldt strak kurs mot eit mål berre han kjende, trudde han. Og så kom goffa og øydela alt.

På eitt vis speglar denne vesle hendinga av Oddemanns liv. Den nysgjerrige gutepjokken, på små føter eller trehjuls sykkel, hadde kanskje fått formaningar frå både mamma og godfolka, som er hallinguttrykket for besteforeldre, om at han måtte halde seg unna bilar og framandfolk og ukjende omgjevnader. Men livet hadde så mykje å by på, og han ville leva og forme det sjølv.

Forfattarens eige fyrste minne av Oddemann er frå ein sein haustdag i 1953, då guten med trehjulsykkelen var nær 11 år gamal. Me heldt til i eit nytt bustadfelt i Vestlia i Ål, i skråninga søraust for jernbanestasjonen. På folkemunne fekk feltet det merkelege namnet Dakota-hallidn. Forklaringa var at han som selde tomtene, hadde vore i Dakota i USA i unge år.

I nyehuset oppå haugen ovanfor oss hadde det nett flytt inn ein familie med to småjenter, Unni Margot på åtte og Aud Berit på tre og eit halvt år, og mor Olga og far Arne – Arne på haugen som han vart kalla. Dei blide småjentene var ikkje redde for å snakke med ein framvekstring av ein nabo, og dei fortalde at dei hadde ein bror som budde i lag med foreldra til mamma oppe i Hol.

Før dei flytte til Dakota-hallidn, hadde Olga og Arne budd nokre år i Mogrenda i dalbotnen i Hol, eit steinkast frå Maibakkadn, som me kalla den bakkete riksvegen, eller Meiebakkane som det opphavlege namnet truleg er. Det var den gamle stugu i nedre Haugen, skilt ut frå bruket Sausgardhaugen, som vart heimen deira der. Då



familien flytte til Ål, vart Oddemann att hjå gomme Guri og goffa Olav Haugen.

Dette fyrste møtet mellom Oddemann og meg fann stad ein sein haustdag. Det gulnande lauvet på bjørkene langs vegen og i lia mot Kittilsplass gneistra i gullflimmer, for sola var nett i ferd med å lande på åstoppen i vest, Nasakamben. Framvekstringen på 18 stod ute i hagen og togg på dei siste ripsbæra. Då kom ein gutunge tuslande oppover bakkane. Endå han var liten og spe, hadde han forlengst vakse frå trehjuls sykkel. Men lett på foten var han. Å gå til fots frå Mogrenda i Hol til Vestlia i Ål, ei mils veg om lag, var ikkje lange biten for ein som var nyfiken og som sikkert òg bar i seg ein lengt etter å koma nær mamma og småsystrene. Det var nok dei han tenkte på der han kom tuslande opp lia.

Ein halvaksen slamp som stod og togg rips og glana, utan å seia hei eller god dag, var visst ikkje noko ynskjeleg bekjentskap på veg mot det han såg fram til. Så Oddemann glana attende, slett ikkje blid i augo. Han sa ingen ting, men augo og kroppsspråk var ikkje til å misforstå: ”Ko e’re du glor ette?”

Den eldste burde vel hatt vet til å ta eit steg fram og helse på, men slik vart det ikkje. Han berre stirde, og det han såg, var ein liten, spinkel gut som slett ikkje likna på dei blide og meir lubne systrene sine. Og så lurde slampen på kven far hans var, for det var ikkje han Arne på haugen, såpass visste han.

Det vart fleire turar for Oddemann, og fleire møte mellom tenåring og smågut. Med tid og stunder vart me kjende med kvarandre, og det synt seg snart at Oddemann var omgjengeleg og snill med dei han omgjeikst, og full av spretne påfunn. Ein smågut til å bli glad i.

Dei kalla han for ”lausungji”! Det var eit fælt uttrykk, og det sette eit stempel på den som inga skuld hadde. Men det var mange av dei såkalla moralske i bygda som snakka slik om medmenneske



den gongen. Det var den største synd og vanære å få barn utanfor ekteskap for seksti år sidan. Likevel kunne det hende at folk berre flirde dersom faren sitt namn vart nemnt. Han var jo mann. Verre var det for mora, som hadde tulla seg bort i ein slik kar. Men det var nok aller verst for ungen som kom til verda, utan kyrkja si velsigning gjennom eit ekteskap. Han vart lausunge. ”Fedrenes synder ...” og så vidare. Jau takk.

Om lausunge er eit usmakleg ord, er ikkje det meir offisielle ”uekte barn” likare. Som om det skulle finnast ekte og uekte barn!

Ingen veit korleis slike ord og oppfatningar verka på Oddemann. Han nemnde aldri noko om sin kjødelege far og det han måtte ha høyrte av folkesnakk, korkje under oppveksten eller i vaksen alder. Kva han tenkte, er ei anna sak. Han hadde eit vart sinn, og han var nærtakande. Og han prøvde opp att og opp att å snu det vonde og leie til laussleppt ironi og gapskratt, aller helst med toraderen til hjelp. Men ein undertone av vemod kunne nok fornemmast i det laussleppte.

Lat oss sleppe dette temaet, og gå litt lenger attende i tid for å gje eit bilete av folk og miljø i Mogrenda og i nedre Haugen den gongen Oddemann og familien flytte inn i gamlestugu hjå Olav og Guri Haugen, foreldra til Olga. Det var tidleg i 1950. Olga hadde vorte gift med Arne Nilsen frå Ål nesten fem år tidlegare. Då mora gifte seg, var Oddemann vel to og eit halvt år gamal. Han var fødd 20. november 1942.

Det var eit skrøpeleg lite krek som såg dagens lys på Drammen sykehus denne mørke haustdagen i krigsåret 1942. Guten kom heim att, der han vart heimedøypt og gjeven namnet Odd Gunnar. Truleg var det det at guten hadde dårleg helse og at det difor ikkje var sikkert at han kom til å leva opp, som låg bak den tidlege dåpshandlinga.



Men kanskje låg det også ei slags frykt bakom. Det heitte seg nemleg at far til ho som vart gift med Oddemanns kjødelege far, var ein som kunne lesa i Svarteboka. Han stemde blod og kasta gand over folk, vart det sagt. Då svigersonen vart trekt for retten og dømt for eit farskap han blånekta for, vart gubben med Svarteboka så arg at han svor ei forbanning over den nyfødde: ”Denna ungin ska ikkje bi som are”, var orda han skulle ha sagt, og utsegna kom også dei i Mogrenda for øyra. Om dei ikkje var overtruiske, direkte, så høyrdest dette likevel så nifst og skræmmande ut at det vel var tryggast å vera føre var. Det hasta altså såpass med dåpshandlinga at dei ikkje hadde stunder til å vente til ein geistleg kunne stå for det.

Mor Olga kjende seg nok forsmådd då barnefaren fann seg ei anna, og lét henne sitja att med skamma og ein uynskt unge. Kva som rørde seg i henne, er det ingen som veit. Men då ho ein dag tilfeldigvis såg den nye flamma hans inne på Olsens Kafé på Sundre, med blank gullring på fingeren, brast ho i gråt. Det var då ho fekk endeleg vissheit for at frøet i magen hennar ville bli ein lausunge.

Med ein liten gut som ikkje alltid var frisk, og vanskeleg med arbeid og nok mat medan tyskarane stod i landet – det hadde dei



LITEN GUT I STORE STØVLAR. FOTO UTLÅNT AV ODDRUN LANGSTAD



gjort i over to og eit halvt år då Oddemann vart fødd – var det ikkje enkelt å vera 18 år ung, einsleg mor. Nokon direkte naud var det rett nok ikkje, korkje i nedre Haugen eller dei andre bruka i Mogrenda. Men Olga hadde venta seg så mykje meir av livet. Ungjentedraumen skulle bli verande ein draum, såg det ut til. Ingen mann ville ha ei einsleg mor med ein lausunge.

Men så, mot slutten av krigen, kom den unge mannen med det gode smilet og blinken i auga til å krysse vegen hennar. Arne heitte han, og smilte vel då han vart fødd, vil me tru. Alle i nærmiljøet som er gamle nok og ser seg attende, minnst den tettvakne stasjonsbetjenten med fiskedilla som ein uvanleg humørfylt og godlyndt kar. Det var ikkje rart at Olga fall for han. Og kjemien stemde, han fall for henne òg. Det fekk ikkje hjelpe at han måtte ta ein uynskt gutunge med på kjøpet. Få månader seinare ringde kyrkjeklokkene til både pinsesmesse og bryllaup.

Den fyrste tida etter bryllaupet i 1945 budde dei i Ål, i ei lita hallingstugu dei leigde på Toreplass vest for Sundre. I desember same året fekk Oddemann ei syster som vart døypt Unni Margot. Stugu på Toreplass var trong, og med familieauke vart det endå trongare. Men det var mange som hadde det trongt. Dei fyrste åra etter krigen var det stor mangel på husvære for unge som stifta familie. Og dei husa som fanst, var ikkje alltid av akseptabel standard. Dei kunne vera både tronge, trekkfulle og kalde.

Oddemann heldt seg frisk dei fleste av desse oppvekståra på Toreplass. Vel var han liten, mindre enn jamaldringane på Nedre Ål skule, men han var lett på foten og sprek. Godt likt var han òg. Då sjukdom slo til på førjulsvinteren i 1949 og han ikkje kom attende til fyrsteklassen igjen, banka ein høgtideleg delegasjon med små kameratar på stugudøra. Med seg hadde dei ei bok klassen hadde laga, ei fin teikning frå kvar elev sirleg hefta saman med permar rundt. Kvar gong nokon kom innom, synte Oddemann fram boka.



Det vart ikkje meir skulegang på Nedre Ål, for sjukdommen, kikkhosten, hang lenge i. Dessutan vart stefar Arne flytt til Hol stasjon. Då gjekk vegen attende til Mogrenda og ei anna hallingstugu. No vart gamlestugu i nedre Haugen heimen deira. Gommo og goffa bygde seg nytt hus like ved.

Då hausten kom, begynte Oddemann i fyrste klasse att, no på Moen skule. Han hadde vore borte frå skulen i eit halvt år, så det var inga bøn. Men han var så liten av vekst at ingen av dei andre merka aldersforskjellen, elles er eitt år eit heilt liv for ungar under åtte.

Oddemanns syster nummer to, Aud Berit, kom til verda like etter at dei hadde flytt til Hol. Familien i den vesle hallingstugu talde då fem. Nokon naud leid dei framleis ikkje, sjølv om det var like trengt der som i stugu på Toreplass. Mat var det heller ikkje overflod av i dei fyrste etterkrigsåra. Vanleg kost var rugbrød og sirup, og til middag eller nons gjekk det helst i heimedyrka poteter og margarin. Frukt og grønsaker var det lite av. Oddemann hadde neppe med seg korkje eple eller gulrot i nistepakka til skulen, slik læraren oppmoda om. Men det vart ofte spedd på med ørret frå kulpene i elva like nedanom, og retteleg fest vart det om han Guttorm hadde vore heldig med elgjakta. Var Guttorm i humør, gjekk det an å få bytt til seg ein viltmiddag.

Guttorm Moe som dei kalla han – det fulle namnet var Guttorm K. Slettemoen – var ein av grendas originalar. Det vart sagt at han hadde dotte ned frå ”takji” (hemsen) som liten og slått seg i skallen, og hadde vorte litt rar etter det. Det vart òg fortalt at han såg syner, og difor hende det at han kunne dra tollekniven or slira og fekte vilt med han. Ein einaste gong vart eit menneske skadd av kniven til han Guttorm, og det plaga han så lenge han levde. På sine siste dagar gjorde han opp for seg.

Mannen med blinkande kniv i handa var eigentleg ein godmodig kar, og oppteken av å hjelpe dei som kanskje ikkje hadde det så godt. Kvar vinter budde det mange såkalla *reisende* hjå han. Ordet tater



vart ikkje brukt, iallfall ikkje av dei sjølve. Hjø Guttorm fekk dei ly mot vinterkulda, og ungene deira leika med dei fleste andre ungene i grenda. Skulegang fekk somme av dei òg, om enn i kortare periodar. Ingen av dei vart bufaste i Mogrenda.

Ivar Reinton var ein av grendeungane med leikekameratar utanfrå. Han trur at dei reisande hadde det bra hjå han Guttorm om vintrane. Men det var ikkje alle som fekk lov å gå dit når han hadde slike gjester, for det hende at det var ståk der. Når brennevinsflaska var tømnd og det høyrdest hauking og skriking frå Slettemoen, så var det strengt forbod mot å gå i den leia. Men som regel vara det ikkje lenge. Brått kunne eit børseskot smelle, og så vart det stille. Guttorm drakk ikkje sjølv, og når det gjekk ut over dei grensene han tolererte, og tilsnakk ikkje hjelpte, sende han eit børseskot mot mønet i huset der festlyden heldt til. Det fekk dei høgrøysta til å roe seg. Men dette smellet ut i natta gjorde jo ikkje biletet mindre nifst for dei andre i grenda.

Oddemann kom godt overeins med han Guttorm. Og jammen tok gutepjokken etter oppførselen hans også, med mimikk og geberder. Det går framleis ord om desse to på tur opp Maibakkane – han Guttorm fyrst, fektande med kniven som om han rydda seg veg, og han Oddemann etter, fektande han òg. Men han hadde ein ufarleg kvist i handa.

Oddemann var ein flittig gjest i Slettemoen når det budde reisande der. Han leika mykje med desse viltre ungene, dei var morosame å vera saman med. Kan hende var han ekstra oppteken av desse venskapane av di dei var, ja nettopp, reisande. Så spennande! Slik ville han òg reise land og strand rundt når han vart stor nok! Og han Guttorm var ikkje den som stogga ein gutetave med draumar og fantasi. Dessutan var han glad når dei reisande sine ungar fekk vitjing av grendas egne.

Det gjekk mange soger om han Guttorm Moe, og sjølv om mangt kan seiast om han, så var det som nemnt ikkje noko vondt i denne bygdeoriginalen. At han ein gong av vanvare kom til å stikke kniven



i ein kar, plaga han i årevis. Det hende visstnok på Dyrsku'n på Ål. Det skjedde utan at den stukne såg kven gjerningsmannen var. Då Guttorm vart ein eldre mann og kom på gamleheimen, sende han ein dag bod på mannen han hadde brukt kniven på. No ville han endeleg gjera opp for seg.

Mannen kom. – Du ska ha ti tusen kronu, for det va e som skamskar deg, sa Guttorm. Og slik vart det. Mannen fekk pengane, og Guttorm fekk fred.

I gamlestugu i nedre Haugen gjekk livet sin gang, og vesle Oddemann tykte livet var spennande. Det hende så mykje rart, og han var midt oppi det! Han kunne ikkje tenkje seg å flytte derifrå når det vart snakk om det. Kvar elles kunne han for eksempel møte julenissen midt på sumaren?

– Mama, no ha e sett julenissen på sykkel! Oddemann kom stormande inn, utan posten som han var sendt opp til Maibakkane for å hente. Bilen med posten hadde nyss hatt ein stans ved postkassene der.

– Det æ sant, mama. Han kom syklande oppi vegen her!

”Julenissen” var han Lars Røo, klokkemakaren frå Kvisla. Dette var fyrste gongen Oddemann såg tusenkunstnaren som han snart skulle få meir å gjera med, og som også vil få ein plass lenger ute i denne boka.

På nabobruket til nedre Haugen, litt lenger oppe, låg den eigentlege Sausgardhaugen. Der budde bror til goffa, Torgeir, og kona Rangdi. Torgeir dreiv mellom anna med knivproduksjon. Ein av spesialitetane hans var ”dobbelkniven”. Det var ein stor kniv i ei stor slire, og så ein liten kniv utanpå i eiga slire. Saman med Rangdi starta han campingplass med suvenirsal så tidleg som i 1935, truleg dei fyrste i Hol med slik geskjeft. Turistar frå fjern og nær henta seg mang ein spesialitet frå produksjonen der. Forfattaren av denne boka fann eit par brueskeier i Matamau på New Zealand, og det synte seg at dei kom frå Rangdi og Torgeirs kiosk i Sausgardhaugen i Hol,



Norway! Verda kan tykkjest liten mange gonger.

Dette med å spikke og skjera ut roser, og laga lekkjer, hadde vore tradisjon i Sausgardhaugen lenger attende enn nokon kunne minnast. Reidun Torill Haugen, som voks opp der, fortel at båe oldeforeldra hennar spikka. Det vart sagt om ho Gunvor, oldemora, at når andre kjerringar sette seg til med bundingen, strikketøyet, så hadde ho Gunvor Sausgardhaugen med seg ein kniv og eit emne til ei spon (ei treskei) og sette seg til å spikke.

Dei sat og spikka på ålag (tjukk l), som dei sa. Det vil seia at dei hadde arbeidspress på seg, dei måtte gjere jobben ferdig innan ein fastsett frist. Når kassene med skeier var fulle, var det å dra til byen og levere. Visst kjende dei seg rike då, så rike at dei også såg seg råd til ein dram. Og etter ein dram fylgjer fleire. Festen kunne vara i sju dagar til ende, blir det fortalt. Etterpå var det på'n igjen med sag og kniv og hoggjern.

Oddemann vart påverka av det spesielle miljøet i Sausgardhaugen og Mogrenda, og på mange måtar. Dei fyrste grepa på trekkspelet, og handteringa av tollekniven, lærde han av goffa alt som seksåring. Seinare, då foreldre og sysken flytte til Ål, vart også bror til goffa ein han lærde mykje av. Det var ofte folksamt i verkstaden til Torgeir, med mange lærelystne flisespikkarar. I kvilepausane kom både fela og toraderen fram.

Handlaget med kniv og tre hjå Oddemann var kanskje medfødd, men arbeidsmåten og grepa og kunnskapane om materialar og verktøy vart òg overførde og øvde opp. Liksom låttane og spelemåten.

Men det var som nemnt meir enn treskurd og musikk som høyrde miljøet til. Også salsturane til byen og det som fylgde med desse turane, gjekk i arv og tradisjon. Då gutungen fekk nokre fleire år på seg, vart han òg ein del av dette.



Guten på trehjuls sykkel kasta seg ut i livet og trafikken. Det gjorde også den halvaksne Oddemann. Somme åtvare nok og sa at den noko veikhelsa ungguten burde ta betre vare på seg sjølv og helsa si. Han forstod nok kva dei meinte, gav dei kanskje noko rett også, men han ville vera med og leva livet, stutt eller langt. Så enkelt var det.



## LIVETS SKULE

**D**agen kom då mor og dei andre sat på flyttelasset i retning Ål og vinka farvel. Ti år gamle Oddemann skulle vera att i nedre Haugen. Gommo og goffa tykte det var gjævt å få dottersonen i huset. Det vart òg prata om at Oddemann kanskje hadde godt av å bli i Mogrenda, for tiåringen hadde fått mange kameratar. Med det som argument avgjorde goffa saka på sitt kontante vis: – Den guten kan me ha, sa han. Og slik vart det.



GOFFA OG GOMMO, OLAV HAUGEN OG GURI FØDD BELLUTEIGEN. FOTO UTLÅNTE AV ELISABETH HAUGEN.



Oddemann var spurd til råds føreåt, og då *han* heller ikkje hadde noko imot ei slik løysing, var det liketil og greitt for goffa å gje eit slikt svar. Likevel var det med blanda kjensler tiåringen stod att og såg flyttelasset forsvinne nedi svingen under Maibakkane. Han var jo glad i dei alle, og aller mest i ho mamma. Kor ofte ville han få sjå henne no?

Olga hadde det truleg på same viset. Småjentene såg ofte mor si stå i soveromsglaset og speide ned Gamlevegen i Dakota-hallidn når ho trudde seg åleine. Då såg ho alvorsam og nesten sorgtung ut. Men så hende det at han Oddemann kunne dukke opp nedi bjørkelia, og då kom smilet fram. Då vart det glade timar, stundom dagar, i Dakota-hallidn, med song og lått og sprelske påfunn.

Han fann seg til rette hjå besteforeldra og saman med ungene i Mogrenda. Men han hadde også sine periodar med misnøye, protestlyst og mistrivsel. Lagnaden med å vera uynskt og ”uekte” barn, og å ha mor og sysken langt unna, var ikkje enkel å meistre.

Men musikken hjalp i tunge stunder. Han var ikkje gamle karen då han fyrste gongen prøvde å lokke tonar ut av trekkspilet hans goffa. Og han hadde lett for det. I barneåra øvde han mest på eit femraders, liketonig trekkspel. Pianotrekkspelel prøvde han òg, og på knappespelet sette han seg inn i både svensk og norsk system. Men sjølv tykte han at han ikkje fekk rette draget på femraderen, og etter nokre år vart toraderen hans instrument.

I eit radioopptak med Osvald Medhus i 1991 fortel Oddemann om dette:

*– E va' nok ikkje meir enn seks-sju år då e bejynte å prøve me – fekk 'kji te so mykky med ei gong, men det kom se ette kort. Jau, det va' slik at e va me'o goffa te Bergen, det va' ette krigen. Han goffa hadde vore der mange gongu, tebage te 1917 då're brann der, so han va' godt kjent i by'n. Det va ette krigen han bejynte å handle med Erling Krage, og so skulde e få vera med dit. Me va i*